


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
MARS 2019**



KOMMUNEHUSET Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

DIM-RENOVASJON:

Returpult for glass og hermetikk finn du ved kommunehuset.

Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

BIBLIOTEKET Tlf 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Opningstider:

Måndag-tysdag-onsdag 15.00-19.00

Torsdag-fredag 12.00-15.30

Laurdag Stengt

NESTE NUMMER: kjem ut før 1. april. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne seinast onsdag 20. mars før kl. 24.00. Skriv kort! Legg gjerne med bilete, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: postmottak@bjerkreim.kommune.no

FRAMSIDEFOTO: Tjørn

Foto: Anders Thunestvedt

UTGJEVAR: Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON: Ingunn Ognedal

TRYKKING: Jærprint

ANSVARLEG: Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVNING:

Vikeså Design og Profilering

Kan lastast ned frå

www.bjerkreim.kommune.no

Vikeså taxi:
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE

GODE BJERKREIMBUAR

Det er ikkje vanskelig å sjå forskjell når eg ser ut vindauga frå kontoret nå , samanlikna med korleis det var på denne tida i fjor. Nå er det mildt, småsurt og «mørkt», i fjor var det lyst, tørt og litt kaldt. Det einaste som lyser opp dette året er ein flokk svaner som held seg på Svelavatnet for tida. Men det er mest trist for Stavtjørn, som i fjor hadde fine forhold med store mengder snø. Nå er det mildvær og det minkar på den litle snøen dei har fått og produsert. Håper for deira del at me ennå kan få litt vinter og snø. Skitrekket må tross alt ha ein del besøk for å gå rundt. For nokre dagar sidan var eg invitert på eit svært interessant møte arrangert av Jeger og Fisk. Det var godt med folk, og det var ein svært engasjert Kenneth Bruvik som var dagens «trekkplaster». Han er mannen bak TV-serien «Den fantastiske Villaksen». Me fekk sjå ein del klipp som ikkje var vist på TV, og i det heile fekk me vite mykje om villaksens liv og forhold i norske elvar. Både positive og negative forhold. Bjerkreimshallen begynner å ta form, og me ser etter kvart kor stor den verkeleg vil bli. Dei fleste idrettshallar har ei flate for ein håndballbane (20 x 40m), men her blir det to fulle banar ! Det vil bli ein stor dag for Bjerkreim når den blir åpna, etter planen i juni. Så vil eg bare ønska alle ein fortsatt fin vinter.

Tjørn



POLITISKE MØTE FEBRUAR 2019

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider: www.bjerkreim.kommune.no

NB! Partia har gruppemøte
måndag 4. mars kl 19.00

FELLESRÅD FOR ELDRE OG
MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE:

Torsdag 28. mars kl 13.00

FORMANNSKAP:
Tysdag 05.03 kl. 16.00



OPPFRIKKNINGSKVELD

Onsdag 27.03.19 kl. 19.30 på helsestasjonen. Oppfriskningskveld for alle som har gjennomført COS-P kurs.

Vi vil ha et lite sammendrag av COS-P og se noen filmsnutter. God anledning til å stille spørsmål, snakke om trygghetssirkelen og vår rolle som foreldre. Påmelding innen 25.03.19 til elin-ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no

tlf 404 44 920 eller til kjersti.berge@bjerkreim.kommune.no
tlf 51 20 11 58/400 01 159



NY JORDMOR!

Benedikte Myksvoll er ansatt i 50 % stilling som jordmor på helsestasjonen. Hun er å treffe mandag, torsdag og annenhver fredag.



NAV BJERKREIM

Åpningstid: mandag, onsdag, fredag kl. 10.00–14.00

Besøksadresse: Nesjane 1, 4389 Vikeså

DALANE KULTUR festival

16.- 22. mars

PROGRAM I BJERKREIM



For mer utfyllende festivalprogram for hele Dalane, se Bjerkreim kommune sine nettsider.

LØRDAG 16. MARS

- 13.00: Åpning av festivalen i Kulturparken ved Svelavatnet. Avduking av Elena Redaellis kunstinntallasjon «Flom». Oppvisning av Bjerkreim Padleklubb og elever fra Kulturskolen.
- 13.30 : Åpning av kunstutstillinger i Kulturbanken. Banksalen: Foto av Kai Tore Vik, smykker av Magnhild Gjedrem, verker av kulturskoleelever. Foajeen: Fellesutstilling «Flom», verker av mange lokale bidragsytere. Kulturinnslag fra Kulturskolen.
- 13.30 – 16.00: Utstillinger åpne i Kulturbanken.
- 14.00: PowerPoint presentasjon av tekstilkunstner Elena Redaelli i Kulturbanken.
- 19.30. – 01.30: Festivalpub Laksebørsen. Dørene åpnes 19.30. Livemusikk fra kl 20.00.

SØNDAG 17. MARS

- 13.00 – 16.00: Utstillinger åpne i Kulturbanken.
- 13.30: Konsert i Banksalen med elever fra Kulturskolen.
- 14.00: PowerPoint presentasjon av tekstilkunstner Elena Redaelli i Kulturbanken
- 13 00 og utover: Festivalpub Laksebørsen.

MANDAG 18. MARS

- 18.00 – 20.00: Utstillinger åpne i Kulturbanken. Demonstrasjon av håndverk med Magnhild Gjedrem, smykke og Kai Tore Vik, foto.
- 18.00 – 23.00: Festivalpub Laksebørsen.
- Tirsdag 19. mars – fredag 22. mars
- Utstillinger i Kulturbanken åpne for barnehagegrupper og skoleelever etter avtale

TIRSDAG 19. MARS

- 15.00: Danseforestilling Coop Extra v/ danseelever fra Bjerkreim kulturskole

ONSDAG 20. MARS

- 08.30 – 10.00: Avduking av kunstverk Vikeså skule. Musikkinnslag fra Kulturskolen.
- 10.30: Avduking av kunstverk Bjerkreim skule. Foreldre velkomne.

TORS DAG 21. MARS

- Åpning av kunstutstillinger i Skjeraberget barnehage og Røysekatten barnehage. Musikkinnslag fra Kulturskolen. Foreldre velkomne.
- 18.00 – 20.00: Utstillinger åpne i Kulturbanken. Demonstrasjon av håndverk med Magnhild Gjedrem, smykke og Kai Tore Vik, foto.

FREDAG 22.MARS

- 18.00: Kirkekonsert v/ Sander S Grøsfjeld og elever fra Vågen VGS. Bjerkreim kyrkje. Adgang kr 150,- / 100,-
- 20.30: Konsert på Pittergarden. Dalane Storband med Pål Rake. Adgang kr 250,-. Dørene åpnes kl 20.00.

LØRDAG 23. MARS

- Ca 11.00 – 12.00: Kunstbuss fra Stavanger stopper ved utstillingene i Kulturbanken. Publikum som vil bli med bussen via Egersund til Velferden i Sokndal for å se på utstillinger i de andre Dalane – kommunene kan sitte på gratis videre.



OFFENTLEG SYMJING

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag.

PRISAR:

Barn: kr. 20 (1 klypp)
Vaksne: kr. 40 (2 klypp)
Familie: kr. 80 (4 klypp)
Klyppekort: kr. 300 (20 klypp)
Billett kjøp i symjehallen.

LAURDAGAR (ekstra varmt vatn)

Kl. 10.00 - 11.30: Vaksne over 18 år
Kl. 11.30 - 12.15: Familiebading (garderobe frå kl. 11.15)
Kl. 12.15 - 13.00: Familiebading
Kl. 13.00 - 13:45: Familiebading

RESERVERE PLASS

Det heng lister i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike familiegruppene laurdag. Har du vanskar med å koma innom? Ring og reservér plass på tlf. 51 45 93 27. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

TILBUD I BASSENGET FOR 1. – 7. TRINN

Gratis svømmetilbud i bassenget på Vikeså skule mandager.
Kl. 16.30 – 17.30 for 1. – 3. trinn
Kl. 17.30 – 18.30 for 4. – 7. trinn

De som ikke kan svømme, må ha følge i vannet. Dette er et svømmetilbud, ikke et tilbud om fri lek. Du skal øve på det du vil bli bedre på. Instruktører er til stede og veileder.



BJERKREIM HELSELAG

BINGO

kvar 2. onsdag i månaden i Børgestova kl 13.30.

UTLEIGE AV DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Ta kontakt med Ingbjørg Vassbø, tlf 51 45 22 37, mob 486 03 535.

HAR DU PROBLEM MED HØYREAPPARATA?

Vi sel batteri og kan elles gje råd og rettleiing om du treng det. Siste onsdagen i månaden (ikkje juli og des.) er vi å finne i kantina i 1. etasje på sjukeheimen frå kl 14.00 – 15.00

Marit og Toril (likemenn HLF)

ÅRSMØTE

BJERKREIM HELSELAG

Torsdag 21. mars kl. 19.00 i Børgestova på omsorgssenteret. Fysioterapeut Gjertrud Lygren informerer. Kaffi, mat og utlodning. Alle er hjertelig velkomne.

BOKBAD PÅ BIBLIOTEKET

Bokbad på biblioteket tysdag 26. mars kl 19.30. Forfatter Tore Kvæven (frå Sirdal) blir intervjuet av psykiater Jone Schanche Olsen om bøkene sine.


ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd. Godt miljø.

Vanlegvis kvar 1. onsdag i månaden. Avreise kl. 10.00 frå Esso, oppmøte litt før. Hugs kr 25,- til mat.

6. mars går turen til Spødervoll/Våland.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma



INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Treff onsdag 13. mars kl. 18.30-20.30, på personalrom, barneskulen, Vikeså skule. Samlinger også 10.04, 08.05 og 12.06. Alle er hjertelig velkomne!

PENSJONISTLAGET – GILDT SAMVÆRE !

NB DATO! Torsdag 21. mars kl. 14.00 – 17.00.

Stad: Litlesalen, samfunnshuset.

Underholdning: Arnulf Fuglestad og Jon Sjursen trekkspel, Niclas M. Albretsen fele, Astrid Nordås song.

Marthon Skårland omformerer om den nye hallen og anna. Alle over 60 er velkomne! Takk til SR-bank for sponing av husleige.

Styret

ÅRSMØTE

BJERKREIM IDRETTSLAG

Tid: 19. mars kl. 19.30.

Sted: Samfunnshuset.

Saksliste:

Årsmeldinger

Regnskap/budsjett

Kontingent

Valg

Servering

ÅRSMØTE

BJERKREIM HÅNDBALL

Tid: 11. mars kl. 19.30

Sted: BU rommet på Samfunnshuset

Saksliste:

Årsmelding

Regnskap/Budsjett

Kontingent

Valg

Lett servering

Evt andre saker sendes til elin@stvtjournalpin.no innen 5. mars

Velkommen

Styret i Bjerkreim håndball

ÅRSMØTE

SAMFUNNSHUSET

Årsmøte i Samfunnshuset tirsdag 5. mars kl. 19.30 i den lille salen.

ÅRSMØTE STIFTELSEN BJKREIMSHALLEN

Årsmøte i Stiftelsen Bjerkreimshallen blir på Samfunnshuset tirsdag 26. mars, kl. 19.00.

ÅRSMØTE

BJERKREIM MC-CLUB

Årsmøte i Bjerkreim MC-Club fredag 1. mars kl. 19.30 på Eldhuset, Vikeså. Etter årsmøtet vil det bli sosialt samvær. Nye og gamle medlemmer er hjertelig velkomne.

ÅRSMØTE

BJERKREIM HAGELAG

5. mars kl. 19:00 på kommunehuset.

Foredrag av Inge Høyenes. Tema: Fra frø til blomst.

Det blir kaffe og utlodning.

Alle velkomne.

KONSERT RITORNELLO

Fredag 22. mars kl. 18.00 i Bjerkreim kyrkje. Musikere fra Vågen VG2-musikk arrangerer en akustisk kyrkjekonsert. På programmet: klassisk musikk, salmer, gospel, musikal, opera og annet. Konserten varer 1,5 time og Jens Budsberg er konferansier.

Pris: kr. 100/150 under/over 18 år. Salg av kake og kaffe. Inntektene går til Vågen VGS 01-musikk sin Londontur i 2020.

KONSERT MED PÅL RAKE OG DALANE STORBAND

Pittergarden Vikeså

Fredag 22. mars kl. 20.30

Dørene åpner 20.00

Billetter a kr. 250 selges i døra

(kontant og Vipps)

Arr. KlangFeel og Dalane Kulturfestival



KYRKJEKONSERT SONG CIRCUS

torsdag 14. mars kl. 19.30 i Bjerkreim kyrkje

Rogalands eneste profesjonelle vokalensemble feirer 10 år med Norgesturné og ny musikk inspirert av folkemusikk fra Bjerkreim.

Song Circus er kritikerroster, har vært Spellemannsnominert og har konsertvirksomhet over hele Europa. Gjestemusiker: felespilleren Britt Pernille Frøholm

Pris kr 200/student kr 150/barn gratis. Velkommen til en annerledes, vakker og fascinerende kirkekonsert!

KRAFTTAK MOT KREFT

I år vil innsamla midler gå til forskning på krefttyper med låge overlevelsesmuligheter. Kreft slår ned i alle familier, så dette vedrører oss alle. Onsdag 13. mars (ettermiddag/kveld) vil medlemmer i Bjerkreim bygdekvinne­lag besøke alle husstander i Bjerkreim med bøsse. Ha klar kontanter eller bruk VIPPS. Ta godt imot bøssebærerne.

Bjerkreim bygdekvinne­lag

ÆTTESOGELAGET:

«VÅR ELDRE NORSKE HISTORIE»

Tid: Onsdag 6. mars, kl. 19. (Merk dag!)
Stad: Kulturbanken på Vikeså (Merk stad!)
Torg­rim Titlestad held foredraget: «Verdien av vår eldre norske historie i for- og framtida». Titlestad er dr.philos. ved Universitetet i Stavanger og har spesialisert seg på Vikingtida og Norges tidlige historie, og er ein av våre fremste ekspertar på denne perioden. Han har gitt ut fleire sentrale sagaverk for første gong i moderne norsk oversetjing.

PÅSKEMØTE MED PÅSKEVERKSTED

2. april kl. 18.00 på kommunehuset.
Pris kr 250 pr. pers., kontant betaling.
Påmelding innen 18.02 til Marianne Lien, tlf. 473 43 663.
Det blir servert suppe, kaffe og utlodning. Alle velkomne.

Arr. Hagelaget

BLI MED BYGDEKVINNENE PÅ TURAR I SOMMER/HØST.

- Dagstur 1. juni til Flørli og Årdal.
- 20. – 25. juni tur til Bergen og Florø med utendørsspelet «Songen av det store djup» på øya Kinn.
- Opplev 4 ex. sovjetiske stater; Latvia, Aserbajdsjan, Georgia og Armenia. I 11 dager – 10 netter i Kaukasus fra 7. – 17. sept. For meir informasjon, ta kontakt med Olaug Nevland, tlf. 95730476

BJERKREIMS QUIZEN!

Onsdag 20. mars kl. 19.30 på Vikeså veiservice
Quizmaster: Bjørn Tore Birkeland
Startkontingent kr 20,-
4-mannslag
Velkomen til nye & gamle quizarar til denne uhøgtidelege & sosiale hjernetrimmen!

KRETSÅRSMØTE FOR ISRAELSMISJONEN

Sundag 7. april på Bjerkreim
Gudsteneste i kyrkja kl. 11.00. Vidare program på bedehuset.
Kl. 12.45: Middag m/dessert. Pris: kr 200 - barn u/15 år kr 100.
Alle er velkomne til middagen og samlingane. Bindande påmelding middag til Lars Magne Haugland tlf 51450406 innan 29. mars.
Årsmøte kl. 14.00.
Fest kl. 17.00. Fleire detaljer i neste Bjerkreimsnytt.

VIKESÅ MISJONSHUS

www.misjonshus.no

- 03. kl. 09.45 Bønn og lovsang
kl. 10.30 Søndagssamling
kl. 10.30 Søndagsskule
- 03. kl. 19.00 Kveldsgudstjeneste og sokneårsmøte
- 04. kl. 09.30 Knerten
- 05. kl. 19.30 Bibelundervisning v/ Asbjørn Handeland
- 06. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 11. kl. 09.30 Knerten
- 11. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
- 12. kl. 19.30 Tirsdagsmøte
- 15. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 17. kl. 09.45 Bønn og lovsang
kl. 10.30 Søndagssamling
kl. 10.30 Søndagsskule
- 18. kl. 09.30 Knerten
- 25. kl. 09.30 Knerten
- 25. kl. 19.00 Yngres og korvetten
- 29. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 31. kl. 19.30 Søndagsmøte NLM

BJERKREIM BEDEHUS

- 4. kl. 19.00 Gutte-/jentelag
- 5. kl. 19.30 Møte Kristen muslimmisjon
- 8. kl. 21.00 Fredagstreff
- 9. kl. 12.00 Bedehusbasar, kafe og loddsal
kl. 19.00 Basarkveld, hovudtrekking
- 11. kl. 19.30 Yngres
- 15. kl. 19.30 Møte Normisjon
- 17. kl. 11.00 Endelig søndag, Normisjon
kl. 11.15 Søndagsskule
- 18. kl. 19.00 Gutte-/jentelag
- 22. kl. 21.00 Fredagstreff
- 23. kl. 19.30 BKU
- 25. kl. 19.30 Yngres
- 29. kl. 19.30 Møte Samemisjonen
- 30. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat
kl. 18.45 Familiemøte Samemisjonen
- 31. kl. 11.00 Endelig søndag, Samemisjonen
Kl. 11.15 Søndagsskule

BASAR

BJERKREIM BEDEHUS

Lørdag 9. mars
Kl. 12.00: Salg av grøt, lapskaus og kaker
Kl. 13.30: Møte og barnebasar m/sang av Bjerkreim Barnekor og tale v/Ronny Myksvoll
Kl. 19.00: Basar m/tale av Alfred Salte og sang av SongZ

KRISTEN MUSLIMMISJON

Bjerkreim bedehus tysdag 5. mars kl. 19.30.
Herdis Heimdal talar og fortel frå nyleg tur til Senegal. Song av Leif Rune Drivdal. Kollekt.

**UKM BJERKREIM
2019**

**SAMFUNNSHUSET, VIKESÅ
8. MARS KL. 18.00 – 21.30**

Bilde, musikk, sang, dans, band mm. Kom og se og hør lokale talenter!
Ca 3 sceneinnslag og 4 kunstverk går vidare til fylkesmønstring i Sandnes 5. - 7. april.
Matsservering i pausen ved 9. trinn Vikeså skule.
Inngang kr 50,- (enkelperson), kr 150,- (familie)



VELKOMEN TIL
GUDSTJENESTE

Laurdag 2. mars kl. 19.30.

Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 3. mars kl. 19.00.

Kveldsgudsteneste på Vikeså Misjonshus.

Takkoffer: Misjonsprosjektet i Liberia.

Song: Ola Birkeland og Magnar Edland.

Soknets årsmøte etter gudstenesta.

Enkel servering

Sundag 10. mars kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje. Takkoffer:

Misjonsprosjektet i Liberia. Song:

Synnøve Grøtteland Helland

Sundag 17. mars

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 24. mars kl. 11.00.

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Forsongarar og musikalsk innslag: Sång

Z. Takkoffer: Indremisjonsforbundet i

Rogaland

Sundag 31. mars kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal

kapell. Takkoffer: IKO. Diplom til

dåpsskuleborna og premiere på bornas

filmprosjekt. Song: Anna Iversen

Vassbø. Kyrkjekaffi og «sporløype» i

kyrkjerommet frå dåpsskulebornas tiltak



DØYPTE:

10.02.19 Thale Fuglestad

10.02.19 Fredrik Bartels

10.02.19 Margareth Eikeland

DØDE

31.01.19 Arne Austdal

På fjellet

I Luk. 9, 28-36 står teksta for Kristi forklarelsesdag. Eg las den nettopp igjen.

Eit av momenta var at disiplane blei omgjeven av ei sky. Og at det så strålar fram eit sterkt lys. Frå Jesus sjølv.

Eit skip seilte inn i ein forrykande storm og kom i havsnød. Passasjerane blei veldig redde, men fekk beskjed om å halde seg i ro. Så var det ein som fant ut at han ville sjekke. Han trassa piskande regn, glatt dekk, og vinden som prøvde å riva han frå trappa opp til styrhuset. Endeleg framme såg han styrmannen stå ved roret. Styrmannen på si side såg passasjereren som stod der med redsle i andletet - så gav han passasjereren eit betryggande smil. Ingen sa eit ord, men passasjereren kunne vende attende. Og vel tilbake kikka dei andre bort på ham. Kva var siste nytt? spurte dei Kva fant du ut?. Og så kunne han seie: «Eg har sett ansiktet til styrmannen. Han smilte. Dette ska gå bra!»

Det var omtrent ein sånn rapport Peter, Johannes og Jakob rapporterte tilbake til resten av disiplane då dei kom ned frå fjellet: «Me har sett ansiktet til Jesus. Han smilte. Dette skal gå bra!»

Kvar den som trur på Jesus, kvar den som har sett at «han er svaret», kan halde fast i den same vissa: ta det roleg. Eg har sett Jesus. Han smilte til meg. «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Soknepresten



SOKNERÅDSVALET 2019

9. september er valdagen!

Bjerkreim er ein eit-sokns kommune.

Det betyr at soknerådet ivaretek

oppgåvene til både sokneråd og

fellesråd. Rådet har 8 medlemmar

og 5 varamedlemmar. I tillegg fylgjer

soknepresten og kommunen sin

representant under behandling av

fellesrådsaker. Det er ca 10 møte kvart

år.

OPPGÅVER TIL SOKNERÅDET:

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet

henvendt på alt som gjøres for å

vekke og nære det kristelige liv i soknet,

særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt,

syke og døende betjent med det, døpte gis

dåpsopplæring, barn og unge samlet om

gode formål og legemlig og åndelig nød

avhjulpet. Menighetsrådet har ansvar for at

kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni

innarbeides og utvikles i soknet m.m.

KYRKJELEG FELLESRÅD:

Kyrkjelova seier at fellesrådet ivaretek administrative og økonomiske oppgåver, rådet har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette, forvaltingsansvar for gravplassane og kyrkjebygg, samarbeid med kommunen m.m.

Kan du tenkja deg å vera med i soknerådet, men ikkje er spurt av nominasjonskomiteen, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf 51201198.

KONTAKTINFO

KYRKJEKONTORET:

E-post: post@bjerkreimkyrkja.no

Besøksadresse: Nesjane 5

(misjonshuset)

Tlf kyrkjeverje: 51201198

Tlf prest: 51201197

Tlf menighetsarbeider: 51201195

Sekretær 51201119

Organist 99252934

Kontortider:

Mån-, tys- og torsdag kl. 08.00 – 15.00

Fredag kl. 09.00 – 14.00

Elles etter avtale

E-post: post@bjerkreimkyrkja.no

Heimeside: bjerkreimkyrkja.no

Facebook: [@bjerkreimkyrkja @](https://www.facebook.com/bjerkreimkyrkja)

Bjerkreim sokn

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT OG TILSKOT TIL AVLØYSING 2019

Første søknadsfrist 15.03.2019

Søknad om produksjonstilskot består av 2 delar, del 1 med søknadsfrist 15.03.19 og del 2 med søknadsfrist 15.10.19. På same måte som i fjor haust, skal søknadsfristane praktiserast fleksibelt, slik at du kan levera heilt fram til 29.03 og korrigera søknaden fram til same dato utan økonomiske sanksjonar. Merk at dersom du leverer søknaden etter 15.03, kan du ikkje korrigera lenger enn fram til 29.03.

Du skal nå søkja tilskot til:

- Husdyrtilskot: halvt tilskot til alle dyreslag, med unntak for alle sauene som får fullt tilskot ved denne søknadsomgangen.
- Dette gjeld også i høve til grunnlaget for avløysartilskotet for heile 2019.
- Definisjonen av sau er nå «sau født året før eller tidlegare». Det betyr at både påsettlam og «blålam» får husdyrtilskot dersom du har desse fram til 01.03. Fjorårslam som vert slakta etter 01.03 får ikkje lammeslakttilskot. Med andre ord så får ein ikkje i «pose og sekk». Tilskot til lammeslakt er for øvrig redusert til 450 kr frå og med 2019.
- Opplysningar om slaktedyr, gris og kylling vert henta frå leveransedatabasen, så det einaste du treng å gjera er å kryssa av for at du vil søkja tilskot for desse dyra.
- Du søkjer også om driftstilskot for mjølkeproduksjon og spesialisert kjøttfeproduksjon, samt tilskot til små og mellomstore mjølkebruk ved denne søknadsomgangen. Dette er tilskot som vert berekna automatisk med grunnlag i det dyretallet du søkjer på i høve til mjølkekyr og ammekyr.
- Husk at både mjølkekyr og ammekyr må ha kalva minst ei gong dei siste 15 månadene, for å verta rekna som kyr. Dei som har lengre kalvingsintervall, vert rekna inn under øvrige storfe.

Ved søknad på del 2 i oktober 2019, skal ein søkja på:

- Husdyrtilskot, unnateke sau
- Areal og kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot mjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Avløysartilskot
- Beitetilskot

Me må oppfordra dykk til å vera nøye med utfylling av søknaden. Me opplever at fleire er litt omtrentlege ved utfylling av søknaden, og dermed resulterer det i avkorting av tilskot. Alle dyretal SKAL vera korrekte, og me anbefaler å fysisk telja dyra før ein fyller ut søknaden.

Landbrukskontoret vil framleis kunna rettleia dykk i søknadsprosessen, og forklara korleis de skal gå fram. Dei som treng meir hjelp, kan ta med bank-id-brikka til landbrukskontoret så vil me hjelpa til med utfylling av søknaden. Lurer du på noko så ikkje nøl med å ta kontakt med Svein Olav 51201173/99021019, Kjell 51201172 eller Gerd 51201170. Lukka til !

VISSTE DU AT:

- 148 bønder driv med mjølkeproduksjon i Dalane og 88 av dei er heimehøyrande i Bjerkreim.
- Det vart betalt ut lønn til 928 avløysarar frå dei 3 avløysarlaga i Dalane i 2018.
- 26 % av jordbruksarealet i Bjerkreim er brattare enn 1:5, og får tilskot til bratt areal gjennom RMP.
- Det vart produsert heile 161.331 kg ull frå sauene i Dalane i 2017.



FRILUFTSKVELD

Onsdag 27. mars

Vanligvis i Gapahuken på Vikeså.

Følg med på Facebook for oppdatert info.

Arr. Dalane Friluftsråd i samarbeid med Bjerkreim kommune og frivillige lag

INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Gitar og Handverk DA

Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no

Kraftverket treningssenter

NY?

Kom og få opplæring av Tore
mandager kl 18:30.

www.kraftverket-as.no/timeplan



Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

Ope kvardagar
08 - 16

www.bjerkreimlegekontor.no



coop extra



COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX
MAN-TORS 08.00-17.00 FRE 08.00-19.00
LØRDAG 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



KAMPANJE UT MARS

Sterilisering og
kastning av katt

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222
Maren Ommundsen Tuen 958 99 462
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså Tlf. 95141920

Kampanjepriser
på sterilisering og
kastning
av katt i mars



Vikeså veterinærkontor
Vakttelefon alle dyr, tlf. 51452165
Bestill vaksinasjon av sau, tlf. 95141920

VIKESÅ VEISERVICE AS

✉ post@vikesaaveiservice.no **f** [vikesaaveiservice](https://www.facebook.com/vikesaaveiservice)
Ring 51 45 97 00



— pause og påfyll på veien —